



Blir det snart betre inneklima på skulen?

Stemningen i skulen i Uskedalen er god i dag trass i vedtaket i kommunestyret om utgreiing av ein stor skule for indre luten. Lærarane har problem med å ta vedtaket ålvorleg, men fleire legg til at det kanskje trass i alt er ein fordel å få saka grundig utgreidd. Då vil det jo mellom anna komma på bordet kor dyrt det vert å køyra 120 elevar i buss, vert det påpeika.

Lærarane er samde om at Uskedalen trass i tekniske manglar har ein kjekk og god skule som det er svært viktig å verna om.

FAU har i det siste vore meir oppteke av det dårlege inneklimate enn av utspelet om ein ny felles skule i Omvikdalen eller Rosendal. FAU ynskjer som ein fyrste post på timeplanen å få orden på inneklimate og det har i dei siste dagane skjedd tekniske framsteg i så måte, har uskedalen.no fått opplyst

Etter vedtaket i kommunestyret om ei utgreiing innrømmer imidlertid leiar Johannes Hjørnevåg at han er skuffa. - Vi hadde håp om at midlane til rehabilitering no var sikra men no er det fare for at vi må venta enda lenger, fryktar Hjørnevåg.

Med omsyn til inneklimate fortel han at det no er gjort eit framskritt. Det er oppdaga at den fløyen det gjeld har montert avtrekksvifter som har vore ute av funksjon men som ein ikkje har kjent til. Etter synfaring av ein ekspert fungerer viftene og nye målingar skal skje for å sjekka effekten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen